

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>02.03.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>12:00 – 15:50</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**

**Forfall til møtet:**

**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Varamedlemmer til stades:**

**Noralv Distad, H**  
**Marita Gunn Aarvik, FrP**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteboka frå 27. januar 2016 vart godkjend utan merknader.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å treffe vedtak i sak 18/16 og 19/16, sjølv om desse sakene ikkje stod oppført på saklista, jf. kommunelova § 34 nr. 1

Munnlege orienteringar:

- I tilknytning til sak 18/16 orienterte sorenskrivar i Sogn og Fjordane tingrettar, Terje Mowatt, og førstelagmann i Gulating lagmannsrett, Magni Elsheim, om arbeidet med å etablere ein fylkesdomstol i Sogn og Fjordane.
- I tilknytning til sak 13/16 orienterte fylkesdirektør for plan og samfunn, Svein Arne Skuggen Hoff, og seniorrådgjevar Annlaug Kjelstad om arbeidet med den regionale planstrategien for 2016 – 2020.
- Tilhøvet til Fjord1 AS og F1 Holding AS. Fylkesutvalet vedtok at orienteringane under dette punktet skulle haldast bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 fjerde ledd:
  - Fylkesordførar Jenny Følling orienterte frå møte med leiinga i Torghatten ASA 09.02.16 og frå møte med dei fylkeskommunalt oppnemnde styremedlemene i

Fjord1 AS 01.03.16. Orienteringa vart gitt ut frå dokument arkivert i ESA 15/8067-177 og 15/8067-182.

- Dagleg leiar i F1 Holding AS, Jan Øhlckers, gav utdjupande informasjon frå møta nemnde i førre kulepunkt. Han orienterte m.a. om status når det gjeld arbeidet overfor Konkurransetilsynet.
  - Juridisk sjef, Svein Hågård, orienterte om status i samband med søksmålet frå Havilafjord AS mot F1 Holding AS. Referansedokument i ESA er 15/13131-4.
- Fylkesrådmann Tore Eriksen orienterte om arbeidet med regionreforma

Avtroppande fylkesdirektør for samferdsle, Velaug Veum, takka fylkesutvalet for godt samarbeid gjennom 13 år. Fylkesordføraren takka Veum og ønskte samstundes påtroppande fylkesdirektør for samferdsle, Dina Lefdal, velkomen.

-----

## **SAK 8/16      VIGO IKS - fordeling av kostnader ved utvikling av fagsystem**

### **VEDTAK:**

#### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Selskapsavtalen for VIGO IKS vert vidareført utan endringar.
2. Det vert innført ny modell for fordeling av utviklingskostnader mellom fylkeskommunane. Ny kostnadsfordeling mellom fylkeskommunane vert endra med ei gradvis opptrapping av ny kostnadsfordeling slik det går fram av tabellen under:

<b>Kostnadsgruppe/År</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Delast likt	90 %	80 %	70 %
Delast etter elevtal	10 %	20 %	30 %

-----

## **SAK 9/16      Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016**

#### **Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slikt tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 04.12.15 om prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2016 til vitande.
2. Fylkeskommunen er samd med Riksantikvaren i at framtidig ansvars- og oppgåvedeling innafor kulturminneforvaltinga må vurderast ut frå dei føringane som vert lagt i ny stortingsmelding om regional forvaltning.

#### **Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til punkt 3:

Fylkesutvalet meiner at fleire kulturminneoppgåver kan overførarst til regionalt nivå fordi desse kan i større grad ta heilskaplege vurderingar og leverer høg kvalitet. Det er ein føresetnad at det følgjer økonomiske midlar med.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur, og fylkesutvalet sitt framlegg til punkt 3, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 04.12.15 om prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2016 til vitande.
2. Fylkeskommunen er samd med Riksantikvaren i at framtidig ansvars- og oppgåvedeling innafor kulturminneforvaltinga må vurderast ut frå dei føringane som vert lagt i ny stortingsmelding om regional forvalting.
3. Fylkesutvalet meiner at fleire kulturminneoppgåver kan overførarst til regionalt nivå fordi desse kan i større grad ta heilskaplege vurderingar og leverer høg kvalitet. Det er ein føresetnad at det følgjer økonomiske midlar med.

-----

**SAK 10/16      Oppfølging av stortingsvedtak om endring i lov om Innovasjon Norge**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Med bakgrunn i proposisjon 89 L (2014-2015) og dei justeringane som er gjort av Nærings- og fiskeridepartementet i brev av 29.01.2016, gjev fylkesutvalet i Sogn og Fjordane følgjande fråsegn:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til forslag til endringar i §7-9 om eigarane sine innskot.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner prinsipielt at dei regionale styra burde behaldast slik det vart gjeve uttrykk for i høyringsrunden. Når Stortinget no har vedteke at lovfestinga av dei regionale styra skal opphevast, er det vesentleg at det vert etablert ein regional styringsstruktur som knyter Innovasjon Norge sine distriktskontor tett opp til den regionale partnerskapen. Det er denne partnerskapen, som i tett samarbeid med private og offentlege aktørar, utviklar dei til ei kvar tid gjeldande næringsstrategiane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil påpeike at Stortinget sitt vedtak er at Innovasjon Norge skal ha et styre på 9 medlemmar. Departementet sitt forslag i §14 reflekterer ikkje dette forslaget. Lovteksten må knytast betre opp mot Stortinget sitt vedtak.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** gjorde slikt framlegg om ny andre setning i pkt. 2:

Fylkeskommunen ber om at hovudstyret opprettheld ein regional styringsstruktur.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesutvalet og fylkesutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Med bakgrunn i proposisjon 89 L (2014-2015) og dei justeringane som er gjort av Nærings- og fiskeridepartementet i brev av 29.01.2016, gjev fylkesutvalet i Sogn og Fjordane følgjande fråsegn:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til forslag til endringar i § 7-9 om eigarane sine innskot.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner prinsipielt at dei regionale styra burde behaldast slik det vart gjeve uttrykk for i høyringsrunden. Fylkeskommunen ber om at hovudstyret opprettheld ein regional styringsstruktur. Når Stortinget no har vedteke at lovfestinga av dei regionale styra skal opphevast, er det vesentleg at det vert etablert ein regional styringsstruktur som knyter Innovasjon Norge sine distriktskontor tett opp til den regionale partnarskapen. Det er denne partnarskapen, som i tett samarbeid med private og offentlege aktørar, utviklar dei til ei kvar tid gjeldande næringsstrategiane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil påpeike at Stortinget sitt vedtak er at Innovasjon Norge skal ha eit styre på 9 medlemmar. Departementet sitt forslag i § 14 reflekterer ikkje dette forslaget. Lovteksten må knytast betre opp mot Stortinget sitt vedtak.

-----

**SAK 11/16      Handlingsprogram for regional plan for Nordfjella**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Handlingsprogram 2015-2018 - Regional plan for Nordfjella, datert 20.01.15, vert vedtatt slik den ligg føre.
2. Nordfjellarådet vert etablert så snart det let seg gjere og i samsvar med omtale av tiltak 1 i handlingsprogrammet.
3. Som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt medlem i Nordfjellarådet, vert oppnemnt Anders Ryssdal, og som varamedlem vert oppnemnt Senea Sabanovic.
4. Buskerud fylkeskommune fungerer som sekretariat for Nordfjellarådet til anna vert vedteke. Årleg kostnader til sekretariatet vert delt mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Buskerud.
5. Midlar som står att frå planprosjektet vert disponert gjennom handlingsprogrammet.
6. Handlingsprogrammet vert rullert årleg, fyrste gang i 2016.

-----

**SAK 12/16      Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling, PSA -  
fordeling I**

**VEDTAK:**

1. Fylkeskommunen løyver kr 300 000 for 2016 og 2017 til Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark sitt prosjekt «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken». Finansieringa vert gjort med kr 150 000 frå teneste 70190 Andre næringsområde (2015-løyving) og kr 150 000 frå teneste 7164 Friluftsliv.
2. Fylkeskommunen løyver kr 100 000 til CISV Sogn og Fjordane til «Internasjonal Barneleir Kaupanger 2016». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7157 Internasjonalt arbeid.
3. Fylkeskommunen løyver kr 50 000 til Norsk Bremuseum og «Klimaseminar i samband med 25-års jubileum». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7163 Utviklingsarbeid klima.
4. Fylkeskommunen løyver kr 25 000 til Stiftinga Norsk Hjortesenter sitt seminar «Hjort 2016 – arena hjorteforvaltning». Finansieringa vert gjort med budsjettmidlar frå teneste 7164 Vilt og fiskeforvaltning.
5. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å setje nærare vilkår for tildelingane.

-----//-----

Fylkesutvalet fann Åshild Kjelsnes ugild til å delta ved handsaminga av punkt 1 i fylkesrådmannen si tilråding til vedtak.

**SAK 13/16      Framlegg til Regional Planstrategi 2016-2020 -  
utlegging på offentleg høyring**

**VEDTAK:**

1. Regional planstrategi for 2016 – 2020, med vedlegg, vert lagt ut på høyring med heimel i plan- og bygningslova § 7-2. Planstrategi vert lagt ut slik den ligg føre dagsett 18.02.16.
2. Høyringsperioden vert frå 07.03 til 28.04.16.
3. Fylkesutvalet ber om at høyringsuttalane vert rimeleg konkrete m.o.t utfordringar, planbehov og eiga forplikting i gjennomføring av planarbeidet.

**SAK 14/16      Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12  
småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i  
Gloppen kommune**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Samla vurdering

- A. Fylkeskommunen meiner at det samla landskapsrommet i Glommen kommune er stort, men at det store talet utbygde og planlagte kraftverk etter kvart vil påverke hovudinstrykket av fjord og fjell-landskapet. Gjennom avbøtande tiltak og ved å luke bort dei mest konflikt-fylte prosjekta sett i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne, er det framleis rom for noko utbygging.
- B. I tråd med nasjonale retningslinjer er føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag, at verneverdiane ikkje vert dårlegare, her under at vassdraget også etter ev. utbygging har ei variert og romsleg vassføring. Fylkeskommunen meiner at dette kravet er oppfylt for tiltaka i Traudalselva og Langedalselva i Ryggvassdraget. Prosjekta si utforming og lokalisering i midtre deler av det verna vassdraget vil ikkje komme i for stor konflikt med verneinteressene. Løyve til utbygging vert difor tilrådd.
- C. Dei tre opprustings- og utvidingsprosjekta i Glippeelva er moderate i storleik og utforming samanlikna med eksisterande anlegg. Fylkeskommunen ser positivt på at eldre anlegg som dette kan rustast opp og utvidast på ein skånsam måte i høve til landskap og brukarinteresser, slik at dei kan halde fram med å produsere fornybar energi.
- D. For prosjekta i Ommedalstverrelva med Ommedalsfossen, Kaldeelva, Haugaelva og Kvitfella med Fossehyllene (Rauset kraftverk) er ulempene i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser vurdert til å vere så store, at det bør seiast nei til desse, slik dei er framstilt i søknadene. Dei seks andre prosjekta vert tilrådd med mindre merknader.
- E. Om og når løyve vert gitt, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.

2. Solheim kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at den gamle demninga ved Solheimsvatnet og den gamle kraftstasjonen ved Storefjorden vert tekne vare på som kulturminne.

3. Haugaelva kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på at bygging av kraftstasjon, veg og anleggsverksemd på Karineset vil gje stor fare for skjemming eller øydelegging av det automatisk freda kulturminnet her. Vurdert ut frå landskapsomsyn og fisk i elva er utbygginga også konfliktfylt.

4. Øyrane kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Ev. regulering av Røyrvikstøylsvatnet bør skje innafør naturleg vasstandsvariasjon (alternativ 2). Rørgata og vegen opp til inntaket bør i størst mogleg grad følgje same trase.

5. Røyrvik kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

6. Kaldeelva kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på at kraftanlegget er planlagt i eit heilt urørt område og at den 2,4 km lange vegtilkomsten langs Skilbreivatnet vil bli eit stort og svært synleg inngrep i natur- og kulturlandskapet. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, må det baserast på retningsstyrt boring der transport av folk og utstyr kan skje ved hjelp av helikopter og båt på vatnet.

7. Ommedal kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt særleg vekt på Ommedalsfossen som eit viktig landskapselement. Om det skulle bli gitt løyve, må mistevassføringa om sommaren aukast vesentleg.

8. Sesselva kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

9. Skorgeelva kraftverk.

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Minstevassføringa om sommaren bør aukast. Kraftstasjonen bør plasserast nær opp til vegskråninga til FV 615 slik at avløpet kan gå tilbake til elva.

10. Rauset kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt særleg vekt på at Kvitfella med Fossehøyene er eit viktig landskapslement i fjordlandskap. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, må minstevassføringa om sommaren aukast vesentleg.

11. Kvitfella II kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

12. Traudalen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

13. Langedalselva kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Minstevassføringa om sommaren bør aukast.

14. Trysilfossen, Eidsfossen og Egebøfossen kraftverk

Fordelane ved tiltaka er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Justert punkt 1 D:

For prosjekta Kaldeelva og Kvitfella med Fossehøyene (Rauset kraftverk) er ulempene i høve til kulturminne, landskap og brukarinteressar vurdert til å vere så store, at det bør seiast nei til desse, slik dei er framstilt i søknadene. Dei åtte andre prosjekta vert tilrådd med mindre merknader.

Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet meiner omsøkt utbygging av Haugaelva i Eimhjellen har negative konsekvensar på opplevingsverdien av vassdraget, men at plasseringa er slik at dette likevel kan akseptrast. Fylkesutvalet meiner etter ei samla vurdering at fordelane med tiltaket er større enn ulempene, og at konsesjon bør gjevast.

Nytt punkt 7:

Fylkesutvalet finn at fordelane med tiltaket etter ei samla vurdering er større enn ulempene og tilrår at konsesjon vert gjeve. Ein føresetnad for dette er at det vert stilt krav om minstevassføring.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen si tilråding i punkta 1A-C, 1E, 2, 4-6 og 8-14 vart samrøystes vedtekne. Fylkesutvalet sitt framlegg til justert punkt 1D, nytt punkt 3 og 7 vart samrøystes vedtekne. Fylkesrådmannen si tilråding i punkta 1D, 3 og 7 fekk ingen røyster.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Samla vurdering
  - A. Fylkeskommunen meiner at det samla landskapsrommet i Gloppen kommune er stort, men at det store talet utbygde og planlage kraftverk etter kvart vil påverke hovudinntrykket av fjord og fjell-landskapet. Gjennom avbøtande tiltak og ved å luke bort dei mest konflikt-fylte prosjekta sett i høve til landskap, friluftsliv og kulturminne, er det framleis rom for noko utbygging.
  - B. I tråd med nasjonale retningslinjer er føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag, at verneverdiane ikkje vert dårlegare, her under at vassdraget også etter ev. utbygging har ei variert og romsleg vassføring. Fylkeskommunen meiner at dette kravet er oppfylt for tiltaka i Traudalselva og Langedalselva i Ryggvassdraget. Prosjekta si utforming og lokalisering i midtre deler av det verna vassdraget vil ikkje komme i for stor konflikt med verneinteressene. Løyve til utbygging vert difor tilrådd.
  - C. Dei tre opprustings- og utvidingsprosjekta i Glippeelva er moderate i storleik og utforming samanlikna med eksisterande anlegg. Fylkeskommunen ser positivt på at eldre anlegg som dette kan rustast opp og utvidast på ein skånsam måte i høve til landskap og brukarinteresser, slik at dei kan halde fram med å produsere fornybar energi.
  - D. For prosjekta Kaldeelva og Kvitfella med Fossehøyene (Rauset kraftverk) er ulempene i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser vurdert til å vere så store, at det bør seiast nei til desse, slik dei er framstilt i søknadene. Dei åtte andre prosjekta vert tilrådd med mindre merknader.
  - E. Om og når løyve vert gitt, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.
2. Solheim kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at den gamle demninga ved Solheimsvatnet og den gamle kraftstasjonen ved Storefjorden vert tekne vare på som kulturminne.
3. Haugaelva kraftverk

Fylkesutvalet meiner omsøkt utbygging av Haugaelva i Eimhjellen har negative konsekvensar på opplevingsverdien av vassdraget, men at plasseringa er slik at dette likevel kan akseptast. Fylkesutvalet meiner etter ei samla vurdering at fordelane med tiltaket er større enn ulempene, og at konsesjon bør gjevast.
4. Øyrane kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Ev. regulering av Røyrvikstøylsvatnet bør skje innafør naturleg vasstandsvariasjon (alternativ 2). Rørgata og vegen opp til inntaket bør i størst mogleg grad følgje same trase.
5. Røyrvik kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.
6. Kaldeelva kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt vekt på at kraftanlegget er planlagt i eit heilt urørt område og at den 2,4 km lange vegtilkomsten langs Skilbreivatnet vil bli eit stort og svært synleg inngrep i natur- og kulturlandskapet. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, må det baserast på retningsstyrt boring der transport av folk og utstyr kan skje ved hjelp av helikopter og båt på vatnet.
7. Ommedal kraftverk

Fylkesutvalet finn at fordelane med tiltaket etter ei samla vurdering er større enn ulempene og tilrår at konsesjon vert gjeve. Ein føresetnad for dette er at det vert stilt krav om minstevassføring.
8. Sesselva kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

9. Skorgeelva kraftverk.

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Minstevassføringa om sommaren bør aukast. Kraftstasjonen bør plasserast nær opp til vegskråninga til FV 615 slik at avløpet kan gå tilbake til elva.

10. Rauset kraftverk

Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår frå at det vert gitt løyve. Det er lagt særleg vekt på at Kvitfella med Fossehylene er eit viktig landskapslement i fjordlandskap. Om det skulle bli gitt løyve til utbygging, må minstevassføringa om sommaren aukast vesentleg.

11. Kvitfella II kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

12. Traudalen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

13. Langedalselva kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Minstevassføringa om sommaren bør aukast.

14. Trysilfossen, Eidsfossen og Enebøfossen kraftverk

Fordelane ved tiltaka er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interessar, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

-----

**SAK 15/16      Kulturrådsfunksjonar til Førde**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet løyver 50 000 kr til arbeidet med å få flytta kulturrådsfunksjonar til Førde.
  2. Løyvinga vert finansiert frå teneste 4005, Fylkesutvalet – til disposisjon.
- 

**SAK 16/16      Skriv og meldingar fylkesutvalet 2. mars 2016**

**Følgande skriv og orienteringar vart handsama:**

1: Fylkeskommunen sitt rekneskapsresultat for 2015

2: Krav om lovlegkontroll av fylkestings sak 46/15 - Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarpost i Fjord1 AS

3: Eigarposisjon i Fjord1 AS - utbetalingane til Wiersholm og DHT Corporate

4a: Organisering av domstolane i Sogn og Fjordane - uttale frå advokatane i Sogndal

4b: Organisering av domstolane i Sogn og Fjordane - Fråsegn Politimester

5: Opplæring for folkevalde 2015-2019

### **Vedtak:**

Fylkesutvalet vedtok at det skal haldast ein konferanse om NTP/RTP i siste halvdel av april månad. Vedteken temadag om klimapolitikk skal haldast i tilknytning til den planlagde politikardagen 21. november 2016. Elles som skissert i fylkesrådmannen sitt notat.

6a: Angående innspel til jordbruksforhandlingane 2016

6b: Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2016

6c: Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til jordbrukspolitikken

6d: Saksframlegg til hovudutval for næring og kultur 2. februar 2016

7a: Anbud på fylkesvegferje Daløy - Haldorsneset frå 01.01.2019

7b: Utdrag notat frå SVV til SFFK Daløy - Haldorsneset.docx

8: Fråsegn frå NROF (Norske Reserveoffiserers Forbund) avd. Firda og avd. Sunnfjord

-----

## **SAK 17/16      Val av styre for Opplæringskontoret for offentlig sektor - OKOS - for perioden 2016 - 2019**

### **VEDTAK:**

Medlemer etter framlegg frå KS Sogn og Fjordane:

Medlem 1: Rita Arlen Lilletvedt (Gloppen kommune)

Varamedlem: Elin Garnes Solås (Hyllestad kommune)

Medlem 2: Kirstin Bruland (Jølster kommune)

Varamedlem: Kjell Idar Dvergsdal (Gaular kommune)

Medlem etter framlegg frå Fagforbundet Sogn og Fjordane:

Medlem 3: Anne Kristin Førde

Varamedlem: Eli Grov Østerbø

Politisk medlem frå fylkeskommunen:

Medlem 4: Henrik Oppen

Varamedlem: Ole Johnny Stubhaug

Medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen:

Medlem 5: Arvid Stenehjem

Varamedlem: Inger Karin Slinde

Som leiar vert vald: Henrik Oppen  
Som nestleiar vert vald: Rita Arlen Lilletvedt

---

**SAK 18/16 Samanslåing av Sogn tingrett og Fjordane tingrett -  
fråsegn frå fylkesutvalet**

**VEDTAK:**

Sorenskrivar i Sogn og Fjordane tingrettar, Terje Mowatt, og førstelagmann i Gulating lagmannsrett, Magni Elsheim, orienterte fylkesutvalet 02.03.16 om arbeidet med å avklare om det er lokal semje om å etablere ein fylkesdomstol i Sogn og Fjordane.

Fylkesutvalet støttar planane om å slå saman Sogn tingrett og Fjordane tingrett til Sogn og Fjordane tingrett med hovudkontor i Førde. Fylkesutvalet legg til grunn at ei samanslåing totalt sett vil innebere ei fagleg styrking av dei to noverande domstolane og at det også er naudsynt for at domstolen skal bli stor nok til å kome med i domstolane sitt digitaliseringsprogram.

Realisering av dei digitale løysingane vil gje betre tenester for brukarane og meir effektive arbeidsmåtar ved domstolane. Fylkesutvalet ser det som positivt om den samanslegne tingretten i fylket alt i denne omgang kan bli prioritert for digitalisering

Det er ein føresetnad for fylkesutvalet at aktiviteten på Nordfjordeid vert oppretthalden og at Sogndal vert oppretthalden som rettsstad og med bemanna kontor, slik at det rettsøkjande publikum også framover får tilgang til dei tenestene og det tilbodet som eksisterer ved Sogn tingrett i dag.

---

**SAK 19/16 Støtte til løn- og rekneskapscenter i Florø**

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner at Politidirektoratet må legge politiet sitt nye løns- og rekneskapscenter til Florø.

Gjennom Nærpolitireforma er Sogn og Fjordane politidistrikt no vorte ein del av det nye Vest politidistrikt, og fylket står i fare for å miste viktige arbeidsplassar. Kompetansearbeidsplassar er viktige for å gjere bu- og arbeidsmarknadsregionen attraktiv. Vi meiner at det er eit omsyn som må vege tungt når nasjonale fellestenester og oppgåver skal fordelast i politiet, noko òg retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar gir klare føringar for.

Sogn og Fjordane har vore konstruktive etter vedtaket om Nærpolitireforma, og vi har forventningar om ei oppfølging av reforma sine formuleringar om at kompetanse skal leggest desentralisert.

- Sogn og Fjordane har sær gode røymsler med å vere vertskap for denne type statlege oppgåver. Nav si økonomiteneste, Difi, skatteopplysinga og Lotteri- og stiftelsestilsynet er døme på organisasjonar som leverer nasjonale tenester av høg kvalitet frå fylket.

- Ved politihuset i Florø er det eit fagmiljø med solid kompetanse i politiet sine økonomi- og rekneskapssystem, og det vil vere lett å rekruttere nye medarbeidarar i området og innan pendlaravstand i regionen.
- Økonomitenesta i Nav er villig til å dele erfaringar og gi fagleg støtte til å utvikle, modernisere og effektivisere økonomitenesta til politiet.
- Bruk av moderne teknologi gjer løn- og rekneskapsenteret lite avhengig av ei lokalisering nært store brukarar og samarbeidspartar. Florø har eit godt flysamband til Oslo, Bergen m.v.
- Politiet har ei langsiktig kontrakt for leige av politihuset i Florø.
- Arbeidsløysa på Vestlandet og særleg Flora er sterkt aukande i ei tid med nedgang i offshore-aktiviteten.
- Det er ei uttalt målsetting at statlege arbeidsplassar skal fordelast geografisk utover i landet for å oppnå ein balansert arbeidsmarknad. Både fylket totalt sett og Flora kjem svakt ut i statistikken over lokalisering av statlege arbeidsplassar samanlikna med alternative lokaliseringsstader.
- Etter at mange nye statlege oppgåver er lagt til Austlandet dei siste åra, er det naturleg at Vestlandet no står for tur.
- Erfaringstal viser at det er billigare å drifte slike institusjonar desentralisert, og at det er mindre turnover enn i pressområda.
- Ei etablering av løn- og rekneskapsenteret i Florø vil gi ein meir variert arbeidsmarknad. Det vil igjen vil gi betydelege ringverknader for heile området, særleg med tanke på rekruttering til det private næringslivet. Det vil òg gjere regionen mindre sårbar for svingingar i dei konkurranseutsette næringane som elles pregar arbeids- og næringslivet.

-----